

## **Respekt for menneskets verd og integritet**

### **- retningsliner med omsyn til å hindre seksuell trakassering i NKS**

#### **Kvifor treng NKS desse retningslinene?**

Norges Kristelige Studentforbund ynskjer å vere ein open og trygg stad. Respekten for menneskeverdet, og kvar ein skild sin rett til å bestemma over seg sjølv, er eit grunnleggjande prinsipp i vår organisasjon. For å sikre dette har vi utvikla retningsliner for å skape auka medvit, for å forebygge seksuell trakassering og for å informere om kven ein kan kontakte dersom ein sjølv vert krenka eller kjenner nokon som vert utsett for seksuell trakassering.

NKS tar avstand frå alle former for trakassering og utnytting. Som organisasjon må vi reagere dersom der er grunnlag for å tru at nokon form for seksuell trakassering skjer, eller dersom nokon faktisk er vitne til at slik trakassering førekjem. All seksuell trakassering er uakseptabel og vil bli reagert mot. I NKS er generalsekretær ansvarlig kontaktperson for oppfylging.

I likestillingslova av juli 2002 er det ei bestemming som inkluderer barne- og ungdomsorganisasjonane. I paragraf 8a heiter det: «Arbeidsgiver og ledelsen i organisasjoner eller utdanningsinstitusjoner har ansvar for å forebygge og å søke å hindre at seksuell trakassering skjer innenfor sitt ansvarsområde.»

NKS er ein studentorganisasjon der dei fleste aktive er studentar. Organisasjonen har medlemmer i alle aldersgrupper, og NKS har fleire tilsette. Desse er både i lokallaga og i nasjonalleddet. Mange av leiarverva i organisasjonen er basert på frivillig innsats frå studentar.

Desse retningslinene gjeld for alle medlemmer, tilsette og Forbundsvenner i NKS, og for alle som deltek på NKS sine arrangement.

#### **Kva er seksuell trakassering?**

Seksuell trakassering er handlingar som bryt med dei grensene ein person har for å verna sin eigen integritet. Det kan dreie seg om uønska seksuelle tilnærmingar, oppfordring om seksuelle tenestar, verbal eller kroppsleg åtferd av seksuell natur som opplevast som audmjukande og / eller invaderande.

Seksuell trakassering kan skje i ulike typar relasjonar; mellom partar av ulikt eller av same kjønn. I eit fleirtal av tilfella er det menn som trakasserer kvinner. Det er likevel grunn til å vere merksam på at seksuell trakassering og skjer mellom menneske med same kjønn, frå kvinne mot mann, og mot menneske med ei anna kjønnsidentitet enn dei tradisjonelle. Her vil faktorar som makt, roller og sårbarheit spille inn. Det kan vere vanskeleg å ta opp problemet når den som trakasserer er ein person som nyt stor respekt eller til dømes er tilsett i

organisasjonen, eller på andre måtar er overordna den som er utsett. Det er viktig å vere merksam på at i svært mange tilfelle har partane forskjellig røyndomsforståing av i kva grad eller om seksuell trakassering har skjedd.

### **Kulturelt mangfald**

NKS er ein del av ein multikulturell global bevegelse. Ein krysskulturell kontekst medfører ulike normer for oppførsel, kontakt, religiøse tradisjonar og kulturelle bakgrunnar. Dette minnar oss på å vere merksame på at det finnes individuelle og kulturelle grenser for kva som opplevast som trakassering. Retningslinene er på ingen måte laga for å avgrense eller kontrollere kontakt mellom vaksne ansvarlege menneske der gjensidig samtykkje føreligg. Men det er viktig å understreke kor viktig det er at *begge dei involverte partane samtykkjer*.

### **Kva gjer du dersom seksuell trakassering skjer?**

Forbundet sine aktivitetar dreier seg i stor grad om møte mellom menneske. Forbundet skal vere ein stad der alle kan kjenne seg trygge og der ein blir kjend med personar som gjer kvardagen meir verdifull. Likevel skal vi vera merksame på at seksuell trakassering kan skje der vi minst ventar det.

Alle bør vera merksame på om der førekjem trakassering, eller om nokon til dømes trekk seg ut frå fellesskapet. Dersom nokon ser at det skjer seksuell trakassering har ein ansvar for å ta det opp med ein ansvarleg person. Ikkje gå frå dette ansvaret.

Det kan vere vanskeleg å vite kva ein skal gjere viss noko galt skulle hende. Personar som opplever seksuell trakassering kan oppleve å verte brydd og kan få andre kjensler som frykt, redsle for å ikkje bli trudd, tvil om kva ein skal gjere og kor ein kan søkje hjelp. Fleire ting kan gjerast for å stoppe trakasseringa:

- Hugs: det er ikkje du sjølv som er skuldig i trakasseringa. Ikkje klandre deg sjølv.
- Vent ikkje med å seie ifrå. Utsetting aukar sjansen for at trakasseringa held fram.
- Ikkje nøl med å søkja hjelp. Det kan henda du ikkje er den einaste som blir trakassert.
- NKS vil støtte deg dersom du opplever seksuell trakassering.
- Ansvar for oppfylgning ligg hos generalsekretær i NKS. Ho/han har teieplikt.
- Kontaktinfo til generalsekretær: telefon +47 22405080/85 eller [post@forbundet.no](mailto:post@forbundet.no)
- Dersom du opplever at generalsekretær er involvert, kontakt landsstyret ved leiar. Han/ho har også teieplikt.

### **Oppdatering av retningslinene**

Landsstyret i NKS er ansvarlege for at desse retningslinjene er oppdaterte, og for å auke bevisstheit om tema.

### **Kjelder:**

Noregs lovar: *Likestillingslova*

Trygg og tilstede: *LNU*

Respecting Human Dignity and Human Integrity: Sexual Harassment Guidelines of WSCF-Europe